

Strikke-, skinn- og spinnehelg

Bessheim Fjellstue 25. - 27. februar 2022

Vågå Husflidslag, garnprodusenten Naturgull og Bessheim Fjellstue inviterer for fjerde år på rad til ei triveleg handarbeidshelg. Det blir tre forskjellige kurstilbod, samt eit strikkekurs med fem forskjellige stasjonar, såkalla "stasjonskurs". Vi garanterer høg trivselsfaktor og god mat!

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER

Vel møtt til ei kreativ helg!
Hilsen Vågå Husflidslag,
Ragnhild og Synnøve i Naturgull
og Kari og Bjørn på Bessheim
Fjellstue.

www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13



SPINNING OG KARDING

Kurs i karding og spinning av ull. Du kan ha med rokk og ull sjølv, eller du kan låne rokk og kjøpe ull. Sei i frå ved påmelding om du har rokk sjølv. Ull kan du kjøpe av Naturgull, som sel både tullar og rå ull.

Maks 8 deltakarar. Kursavgift kroner 450,- per person.

SAUESKINN OG UTSTYR

Her kan du lære å sy sitjeunderlag, pulsvarmarar og hals/skerf i saueskinn. Skinn og utstyr får du kjøpt på staden, dersom du ikkje vil ha med ditt eige.

Maks 8 deltakarar. Kursavgift kroner 450,- per person.

DUODJI - SAMISK HANDVERK

Her kan du lære litt om duodji, samisk handverk. Kurset går ut på å sy ein samisk kaffepose med rynker, som er typisk for duodji. Garva reinskinn og utstyr får du kjøpt på Bessheim, eller du kan ta med ditt eige.

Maks 8 deltakarar. Kursavgift kroner 450,- per person.

STRIKKEKURS

Strikkekurset vil vera arrangert som eit stasjonskurs med fem forskjellige teknikkar. Dei forskjellige strikketeknikkane er kontstrikk, tvebandstrikk og dobbeltstrikk. Hekleteknikkane hacking og pjonning. Fingring av hoseband, samt fletting og tvinning av snorer. Du sjonglerer slik du vil mellom stasjonane. Kursavgift kroner 200,- per person

Du er også velkomen utan å melde deg på noko kurs, anten heile helga eller på dagbesøk.

Med forbehold om endringer.

WINTER

Fredag 25. februar

Middag på Bessheim klokka 19.00. Menyen denne kvelden er bakt skrei, lam frå gardbrukar Mathias Snerle og ein sjokoladetallerken. Etter middagen blir det presentasjon av programmet for helga, arrangørar og deltakarar.

Laurdag 26. februar

Frokost 07.30 – 09.30. Kursstart klokka 10.00.

Lunsj klokka 12.30. Menyen er reinsdyrgryte og mandelpoteter frå garden Sve i Vågå, samt dessert.

Kurs 14.30 – 18.00.

Festmiddag laurdag kveld klokka 19.00. Denne kvelden lagar vi ein spanande middagsbuffet med lokale smakar. Strikkepub etter middagen.

Søndag 27. februar

Frokost 07.30 – 09.30. Kurs frå 10 - 12.30.

Lunsj klokka 12.30. Menyen er ei god kjøtsupe med byggryn frå Skjåk, godt brød og dessert.

Prisar på overnatting og måltid

Pris for rom inkludert alle måltid kr. 2590,- per person i dobbeltrom og kr. 2890,- per person i enkeltrom for heile helga. Da er treretters middag fredag og laurdag kveld og frokost og lunsj laurdag og søndag inkludert i prisen. Det er dusj og toalett og oppreidde senger på romma. Kurs og utstyr kjem i tillegg.

Prisar for deg som vil vera med berre deler av helga:

Middag kr. 445,- per person, lunsj kr. 250,- per person, frokost kr. 175,- per person.

Rom/frokost kr. 760,- per person i dobbeltrom og kr. 1050,- per person i enkeltrom.

Rom/pensjon kr. 1295,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 1445,- per person i enkeltrom. I pensjonsprisen er rommet, treretters middag, lunsj og frokost inkludert i prisen.

WINTER

Påmelding til Bessheim Fjellstue både for kurs, måltid og overnatting. Dersom du ikkje vil bestille «full pakke» heile helga, er det viktig at du seier i frå om kva for måltid du vil vera med på.

Faktura for kursa får du på førehand frå Vågå Husflidslag. Spørsmål om kursa sender du til naturgull@gmail.com

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER



NATURULL
Norsk rein ull - naturfarna

www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13